

1. Anne Gine Hestetun (A) - bruk av biogass i kollektivtrafikken

På Stord har Sunnhordland Nauturgass no gått i gang med bygging av eit anlegg for produksjon av biogass. Dette anlegget skal byggast med i stor grad norskutvikla og norskprodusert teknologi. Anlegget deira skal vere klart til produksjon i første halvår i 2021. Konseptet deira bygger på bruk av avfall frå husdyrproduksjon og fiskeoppdrett, henta frå nærområdet. Anlegget skal produsere om lag 22Gwh i fase 1 med ei planlagd utviding til 60 Gwh i fase 2. Selskapet disponerer også eit gassdistirubusjonsanlegg i bakken innanfor Stord kommune. Dette anlegget er bygd ut slik at det kan forsyne svært mange av dei offentlege bygga samt dei mest sentrale industri- og næringsområda kommunen. I tillegg så ligg det gassleidning fram til Vestland fylke sitt bussanlegg i Sæ på Leirvik. Kan administrasjonen svare på kva som skal til for å ta i bruk biogass som drivstoff for dei fylkeskommunale bussrutene i ytre del av Sunnhordland? I og med at det er Tide som er operatør i dette bussanbødet, er det mogeleg å bruke noko av det gassdrivne bussmateriellet som no vert til overs i Bergen?

Svar frå fylkesrådmannen:

Biogass i transport er ein god måte å utnytte lokale avfallsressursar på. Skyss/Kringom tek difor høgde for dette i sitt arbeid for å redusere klimagassutsleppet frå kollektivtransporten på mest mogleg berekraftig måte.

Det er hovudsakleg gjennom krav i anbodskonkurransar vi kan tilretteleggje og leggje føringar for energivalet: Ved kontraktsoppstart vert det gjort investeringar i eigna bussmateriell og naudsynt infrastruktur på bussanlegg.

Sunnhordland

Det er ikkje lagt opp til gassdrift i Sunnhordland. Dagens busskontrakt starta opp i juni 2016 og består av forholdsvis nye dieselbussar. Gassbussane som går ut av drift i Bergen nord hausten 2020 er eldre bybussar og har ikkje setebelte. Det er tre grunnar til at eit byte av bussar er vanskeleg:

- Skyss/Kringom rår ikkje over dei gamle gassbussane.
- Ein vil måtte vurdere om eit skifte av bussar i stort omfang ville vere lovleg å gjennomføre innafør Sunnhordlandskontrakten.
- Det er rimeleg å anta at våre kundar i Sunnhordland vil vurdere overgang frå forholdsvis nye lågentrebussar til eldre låggolv gassbussar som eit kvalitativt vesentleg dårlegare tilbød.

Bergen nord

Det er lagt opp til gassdrift i store delar av kontrakten Bergen nord. Her er det bussoperatøren Tide som har ansvar for avtale med gassdistributør om leveranse av biogass. Det utelukkar ikkje at biogass frå Sunnhordland kan takast i bruk her:

- Behøvet for biogass i kontrakten Bergen nord er større enn dagens lokale produksjon i Bergen.
- Marknaden for biogass er nasjonalt og det er difor uproblematisk å ta imot biogass frå andre stadar i landet. Men slik vi forstår marknaden vil kostnaden knytt transport gje rett marknadsincentiv til å nytte mest mogleg lokalt tilgjengeleg biogass.